

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Thon Hotel Jølster, Skei  
**Dato:** 02.12.2020  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Velkommen til det siste møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2020!

Møtet finn stad ved Thon Hotel Jølster på Skei, der vi også får servert smakfull lunsj.

Grunna det spesielle året som har vore, og gjeldande føringar grunna utviklinga i covid-19 situasjonen, vart dialogmøtet for 2020 med rådgjevande utval utsett. Styremøtet vert difor gjennomført utan andre enn styre og sekretariatet til stades.

Møtet startar kl. 10:00, og lunsj vert servert kl. 12:00. Vi reknar med å avslutte innan kl. 15:00.

Vi minner alle om å ta omsyn og halde seg til FHI sine gjeldande koronareglar.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Tor Arne på tlf. 90 19 24 71 eller Marthe på tlf. 91 71 95 51. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkommen!

Venleg helsing  
Marthe Gjerde og Tor Arne Hauge  
Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 25/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 26/20	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 27/20	Orienterings- drøftings- og referatsaker <ol style="list-style-type: none"><li>1. Orientering om innfallsport Kjøsnesfjorden v/ Oddmund Klakegg</li><li>2. Orientering frå SNO v/Anne Rudsengen</li><li>3. Status tiltak 2020</li><li>4. Status ny nettside</li><li>5. Status besøksstrategi og forvaltningsplan</li><li>6. Nasjonalparkkonferanse 16.-17. februar</li><li>7. Møte med besøkssentera 20.11.20</li><li>8. NatStat – kurs i bevaringsmål</li><li>9. Mediesaker sidan sist</li><li>10. Reiserrekningar og møtegodtgjersle</li></ol>		
RS 28/20	Lundeskaret i Jølster - Norges brattaste tur sti - vedlikehald / oppsyn		2020/15463
RS 29/20	Referat frå synfaring i Lundebotnen 12.10.2020 sendt fra Statens vegvesen		2020/14184
RS 30/20	Tilbakemelding frå Indre Sunnfjord Turlag - førespurnad om eigarskap gangbru i Lundebotnen		2020/14184
RS 31/20	Kjenndalen - Skisse utviding utsikts plass		2020/14531
RS 32/20	Utviding av utsikts plass ved Kjenndalsbreen - kostnadsoverslag		2020/14531
RS 33/20	JOSTICE update November 2020		2019/8670
RS 34/20	Sluttsynfaring på ny gangveg på sørsida av Briksdalselvi inn mot Briksdalsbreen - Stryn kommune		2020/16889
RS 35/20	Skilting i Olden - og portaler i Briksdal		2020/16805
RS 36/20	Tilbakemelding frå Statens vegvesen - Midler til skilting av Nasjonalparker - Jostedalsbreen nasjonalpark		2020/16805
RS 37/20	Skilting til Jostedalsbreen nasjonalpark		2020/16805
RS 38/20	Rapport etter synfaring av eldre T-merka tursti Nyestølen - Midtnovi		2020/9015
RS 39/20	Skålastilaget - Søknad Stryn næringsfond		2019/16700

RS 40/20	Rapport - toppturparkeringsprosjektet - Jølster	2020/17376
RS 41/20	Kjørebok - uttak is - Norsk Bremuseum 2020 - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	2020/2988
ST 28/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - drift av styret 2021	2020/17982
ST 29/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - bestillingsdialog og tiltaksplan - 2021	2020/17911

**ST 25/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 26/20 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**

**ST 27/20 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

**RS 28/20 Lundeskaret i Jølster - Norges brattaste tur sti - vedlikehald / oppsyn**

**RS 29/20 Referat frå synfaring i Lundebotnen 12.10.2020 sendt fra Statens vegvesen**

**RS 30/20 Tilbakemelding frå Indre Sunnfjord Turlag - førespurnad om eigarskap gangbru i Lundebotnen**

**RS 31/20 Kjenndalen - Skisse utviding utsikts plass**

**RS 32/20 Utviding av utsikts plass ved Kjenndalsbreen - kostnadsoverslag**

**RS 33/20 JOSTICE update November 2020**

**RS 34/20 Sluttsynfaring på ny gangveg på sørsida av Briksdalselvi inn mot Briksdalsbreen - Stryn kommune**

**RS 35/20 Skilting i Olden - og portaler i Briksdal**

**RS 36/20 Tilbakemelding frå Statens vegvesen - Midler til skilting av**

**Nasjonalparker - Jostedalsbreen nasjonalpark**

**RS 37/20 Skilting til Jostedalsbreen nasjonalpark**

**RS 38/20 Rapport etter synfaring av eldre T-merka tursti Nyestølen -  
Midtnovi**

**RS 39/20 Skålastilaget - Søknad Stryn næringsfond**

**RS 40/20 20/55102 - Rapport - toppturparkeringsprosjektet - Jølster**

**RS 41/20 Kjørebok - uttak is - Norsk Bremuseum 2020 -Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**



Arkivsaksnr: 2020/17982-0  
Sakshandsamar: Marthe Gjerde  
Dato: 25.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	28/20	02.12.2020

## Jostedalsbreen nasjonalpark - drift av styret 2021

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2021 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen og besøksstrategien samt nye nettsider. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- 16. og 17. februar: Nasjonalparkkonferanse (digital overføring frå Trondheim, 16. og 17.?) og styremøte (fysisk, den 17.) i Gaupne.
- 16.-17. mars: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval. (Dialogmøte med rådgjevande utval som vart utsett frå desember 2020 grunna covid-19 restriksjonar.)
- 3.-4. mai: Styremøte med synfaring
- Juni: Styremøte med synfaring
- September: Styremøte med synfaring
- November/desember: Styremøte/ dialogmøte med rådgjevande utval

Covid-19 situasjonen utover året vil kunne medføre at møter vert halde digitalt, men i utgangspunktet satsar vi på fysiske styremøte.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner framlegg til driftsbudsjett for året 2021 på kr 330 000,- jf. saksutgreiinga. Styret godkjenner også budsjettet på kr 910 000,- i planmidlar.

Sekretariatet legg inn budsjettet i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS) innan fristen den 10. januar 2021. Mindre endringar kan gjerast i samråd med Fylkesmannen i Vestland.



## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- E-post frå Miljødirektoratet datert 06.11.2020: Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av tjenester fra SNO – 2021
- Vedtektene til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre datert 7. september 2015.

Jamfør vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). Desse fire gongene er uavhengig av kor mange gonger eit eventuelt AU trer saman. Sidan 2011 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre hatt møte mellom fire og åtte gonger i året. I 2020 har det vore fem møte, til liks med 2019 og 2018. Møta i år var i februar, mars, juni, oktober og desember.

Året 2021 håpar nasjonalparkstyret å endeleg vedta besøksstrategien og ny forvaltningsplan. Arbeidet går no inn i slutfasen, men bør drøftast av styret før det vert lagt ut på høyring. Sekretariatet skal sende dokumenta over til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet i løpet av februar, og vi ynskjer at nasjonalparkstyret skal drøfte utkasta før dei vert sendt til miljødirektoratet.

Miljødirektoratet planlegg å arrangere ein nasjonalparkkonferanse for alle styremedlemmer og forvaltarar i Trondheim 16. og 17. februar 2021. Dette arrangementet skulle ha teke plass den 5. og 6.mai 2020, men grunna covid-19 restriksjonar vart konferansen utsett. Miljødirektoratet har meldt at konferansen truleg vert gjennomført som eit webinar før og etter lunsj den 16., eventuelt også ei økt den 17. Forvaltarane ynskjer at styret gjennomfører eit fysisk møte den 17. som ei naturleg forlenging av konferansen.

Framlegget til budsjett gjev opning for overnatting og turar i samband med synfaringar. Det blir naturleg å leggje inn ei overnatting i samband med styremøte og det utsette dialogmøtet med rådgjevande utval i byrjinga av mars. Mai, juni og september er også fine tidspunkt å planlegge synfaringar.

I kort rettleiar for Elektronisk søknadssenter (ESS) står følgjande:

*For verneområder som forvaltes av styrer, skal styrene melde inn behov for midler (...) i ESS. Dette gjelder følgende:*

- *Drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer (...)*
- *Forvaltningsplaner og besøksstrategier for nasjonalparker og andre store verneområder*

*Deltakelse på nasjonalparkkonferansen og oppdatering av nettsider bør tas med i vurderingen av behov for midler. Dersom rammene tillater det vil det også kunne gis midler til nødvendige kartlegginger som grunnlag for forvaltningsplaner og besøksstrategier samt utarbeidelse av skjøtelsesplaner.*





## Vurdering

Tildelinga til drifta av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for 2020 var på kr 320 000,- (2019: kr 300 000). Dette har inkludert både utgifter til møte, seminar, synfaringar, dekking av reise og møtegodtgjersle, samt møteutgifter og dekking av reise for rådgjevande utval.

Vi legg fram budsjett på kr 300 000,- til styrets drift i 2021. Dette inkluderer to møter med rådgjevande utval i motsetnad til eitt årleg møte i tillegg til det vanlege årshjulet, der det fyrste dialogmøtet skal erstatte møtet som blei utsett i desember 2020 grunna covid-19 restriksjonar. År 2021 skal også nasjonalparkstyret endeleg vedta besøksstrategien og forvaltningsplanen, noko som også krev tid til å drøfte desse omfattande dokumenta. Budsjettet er ikkje vesentleg auka neste år, men vi lyt ta atterhald om endring av fysiske møter til digitale på kort varsel alt etter covid-19 situasjonen. Vi vonar at det frå våren av er råd med fysiske samlingar, og legg dette til grunn for møteplan resten av året.

Ein ny foreslått post på driftsbudsjettet er utgifter i samband med jubileet til nasjonalparken. Jostedalsbreen nasjonalpark fyller 30 år i 2021! Dette lyt markerast, og mellom anna Bremuseet i Fjærland som sjølve feirar 30 år same året, har planlagt markering og inviterer gjester til storslått visning av den nye panoramafilmen i midten av mai. Forvaltarane foreslår at nasjonalparkstyret bør setje av midlar til markering der ein leiger høvelege lokale som til dømes eit eller fleire av besøkssentra. Vidare foreslår forvaltarane at vi feirar med spesielt inviterte gjester og andre vener av nasjonalparken.

Vi foreslår eit styremøte i februar (dag 2 av den digitale nasjonalparkkonferansen) før besøksstrategien vert lagt ut til høyring.

Estimering av utgifter i 2021 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre									
				Møtegodtgjersle		Timeforbruk			
				Sats leiar (kr/t)	632	* = inkl. 1,5 timar til førebuing			
				Sats øvrige (kr/t)	478				
Skisse til møteplan									
Møtedato	Type	Tal timar	Tal deltakarar	Timebruk leiar	Kostnad leiar (kr)	Timebruk øvrige (t)	Kostnad øvrige (kr)	SUM møte	Kommentar
16. og/eller 17. februar	Nasjonalparkkonferanse (digital) og styr	8	6	6 *	3 792	40	25 280	29 072	
16.-17.mars	Styremøte med rådgjevande utval	8	6	8 *	5 056	40	19 120	24 176	Bestillingsmøte 2. RU møte for 2020
3.-4.mai	Styremøte med synfaring	12	6	10 *	6 320	60	28 680	35 000	
Juni	Styremøte med synfaring	8	6	6 *	3 792	40	19 120	22 912	
September	Styremøte med synfaring	8	6	6 *	3 792	40	19 120	22 912	
November/desember	Styremøte med rådgjevande utval	8	6	8 *	5 056	40	19 120	24 176	Bestillingsmøte 1
<b>SUM kostnader møte</b>								<b>129 176</b>	
<b>Kjøre-/reisegodtgjersle</b>									
Estimering av utgifter til reise-/kjøregodtgjersle, føresetnadar:									
1. Reknar med eit gj.snitt på kr. 1000 pr. person for Jostedalsbreen									
2. Reknar med 6 styremedlemmer pr. ordinære møte (6 møte = kr 38 000,-)									
<b>SUM:</b>								<b>45 000</b>	
<b>Leie av lokaler, overnatting, RU, samt servering under styremøtene:</b>									
Utgifter i samband med møte (møterom, varm lunsj, kaffe/te med meir)									
								45 000	
Reiseutgifter og møtekostnader Fagleg rådgjevande utval inkl. ekstra møte utsett frå 2020									
								50 000	
Eitt eller to kombinerte styremøte med synfaring inkl. overnatting, lunsj ei middag									
								35 000	
Markering av 30-års jubileum for nasjonalparken inkl. servering og leige av lokale									
								25 000	
<b>SUM:</b>								<b>155 000</b>	
<b>Totale utgifter i samband med møter i Jostedalsbreen nasjonalpark 2021 (estimerte utgifter med ein viss grad av skjønn)</b>								<b>329 176</b>	

Vi har budsjettframlegg på kr 910 000,- til planarbeid. Dette inkluderer å utarbeide ein heilt ny skjøtselsplan for dei tre dalføra Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn. Dette er eit omfattande arbeid, truleg med ei kostnadsramme på opptil kr 400 000,-. No når dei store



tilretteleggingstiltaka inn dalføra er gjennomførde, er det skjøtsel som er det naturlege neste steget for å ta vare på verneverdiane i kulturlandskapa i disse tre dalføra. Sekretariatet har også spelt inn Bødalen og Erdalen som kandidat område til NiN-kartlegging via Fylkesmannen i Vestland. Områda er prioritert øvst på lista Fylkesmannen har sendt over til Miljødirektoratet for 2021, og vi vonar at basiskartlegginga av baa områda vert gjennomført i løpet av 2021.

Vi har budsjettert med kr 300 000,- for sårbarheitsvurderingar av stiane til Flatsteinbu, Fåbergstølsbreen og Langedalen i Stardalen. For 2019 blei sårbarheitsvurderingar ved ein feil inkludert i søknad om tiltaksmidlar, og årets inkludering av sårbarheitsvurderingar på planarbeid gjer at budsjettet aukar vesentleg i høve 2019.

Estimert kostnad av kartlegging av hekkefugl i Langedalen-Austerdalen-Tungestølen-området er kr 80 000,-.

I tillegg er 2021 eit viktig år å fullføre forvaltningsplan- og besøksstrategiprosessen. Ein sum på kr 100 000,- skal kunne dekkje utgifter til høyringsrundar for besøksstrategien og forvaltningsplanen, annonsar i lokalavisene, bygdemøte dersom covid-19 restriksjonar tillèt dette og trykking av nokre eksemplar til utdeling.

Etter endeleg godkjenning av besøksstrategien kan dei nye nettsidene til nasjonalparken verte publiserte. I samband med ferdigstilling av nettsidene skal ein sum på kr 30 000,- kunne dekkje utgifter til grafisk design og innkjøp av stillbilete/video.

Under er ei samleoversikt:

<b>Budsjett 2021 for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre</b>			
		<b>Budsjett 2021</b>	<b>Merknader</b>
<b>D</b>	<b>Driftsutgifter for styre og utval</b>		
	Møtegodtgjersle styret	130 000	sjå eige oppsett
	Reiseutgift styret	45 000	sjå eige oppsett
	Møteutgift styret og møte/reise for rådgjevande utval	155 000	inkl markering av jubileum, sjå eige oppsett
	<b>SUM D</b>	<b>330 000</b>	
<b>E</b>	<b>Utgifter til forvaltningsplan og besøksstrategi, forvaltarkontor Gaupne</b>		
	Utarbeiding av skjøtselplan i Erdalen, Bødalen og Sunndalen	400 000	Kjøp av tenester
	Høyringsrundar besøksstrategi og forvaltningsplan, annonsering, trykking	100 000	Kjøp av tenester
	Sårbarheitsvurdering stiar til Flatsteinbu, Fåbergstølsbreen og Langedalen i Stardalen	300 000	Kjøp av tenester
	Kartlegging av hekkefugl i Langedalen-Austerdalen-Tungestølen-området	80 000	Kjøp av tenester
	Ferdigstilling av nye nettsider	30 000	Kjøp av tenester
	<b>SUM E</b>	<b>910 000</b>	
	<b>Estimerte kostnader</b>	<b>1 240 000</b>	



## Jostedalsbreen nasjonalpark - bestillingsdialog og tiltaksplan - 2021

### Innstilling frå forvaltar

Forslag til bestilling av SNO ressurs og tiltaksplan for 2021 vert lagt fram for drøfting i styret.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for verneområdestyrer - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområder og bestilling av tenester av SNO – 2021. Miljødirektoratet 03.11.2020
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025, Miljødirektoratet
- Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene, Klima- og miljødepartementet 2019
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 1994

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde, slik at ein tek vare på eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar. Det kom i 2019 ein ny strategi for bruk av tiltaksmidlar, gjeldande for perioden 2020- 2025. Her vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. For å minimere dei negative effektane av klimaendringar på verneverdiane, må andre negative påverknader avgrensast mest mogeleg. Døme på dette er attgroing, slitasje, forstyrringar og ureining. I tillegg bør forvaltninga av verneområde ta ekstra omsyn til klimaeffektar i planlegging av tiltak. Tiltaksmidlane vert fordelt på bakgrunn av dagens trusselbilde i verneområda. I tillegg skal skjøtsel, tilrettelegging og, etter kvart, utrulling av besøksstrategiane få midlar til godt planlagde tiltak.

I strategien står mellom anna følgjande:

*"Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtels- og tilretteleggingstiltak.*



*Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjengelet i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparker og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparker og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument."*

*Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.*

Strategien seier tydeleg at midlane ikkje kan nyttast som tilskot til andre, men dei kan brukast som investeringar der ein har ein tydeleg samarbeidspartnar som tek drift og vedlikehald.

Miljødirektoratet har sett opp følgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

- 1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene*
- 2. Løpende skjøtselstiltak*
- 3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
- 4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
- 5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
- 6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)*

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfte ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Forvaltar legg fram forslag til bestilling av tenester frå SNO for 2021 til drøfting i styremøtet. Forslaget er utarbeidd på bakgrunn av innspel frå grunneigarar, kommunar og andre interessentar, samt innspel og diskusjonar i styret ila 2020. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av dialog med SNO. Styret må gå gjennom forslag til tiltak og drøfte prioriteringane under møtet.

Nasjonalparkstyret sin frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2021. Dette gjennomfører sekretariatet på bakgrunn av styret sin vedtekne tiltaksplan.

## Vurdering

Alle tiltak i bestillingsdialogen skal vere forankra i forvaltningsplan, besøksstrategi eller andre styrande dokument. Fordi Jostedalsbreen har ein gamal gyldig forvaltningsplan (frå 1994) og er i innspurten av den nye planen og ein ny besøksstrategi, er det hovudsakleg *andre styrande dokument* som styret kan forankre tiltaka i. Tiltaksplanen er eit slik styrande



dokument for 2021. Når vi i 2021 får endeleg vedteke ny forvaltningsplan og besøksstrategi, noko som blir styrande for åra 2022 og utetter.

Forslag til tiltaksplan vert lagt fram i styremøtet. Det er basert på innspel frå grunneigarar, bygdelag, reiseliv, kommunar og andre. Tiltaka er også lagt fram på bakgrunn av evalueringsmøte med SNO om tiltaka som er gjennomført i 2020, og erfaringar derifrå. Styret må gå gjennom forslaga til tiltak og drøfte prioriteringane i møtet. Nokre av tiltaka er reparasjonar/utbetringar av tidlegare tiltak, andre er slutføring av påbegynte tiltak, eller nye tiltak som er naudsynte for å sikre verneverdiane.

For Jostedalsbreen kan mellom anna følgjande tiltak vere aktuelt i tiltaksplanen. Dei er lista opp i uprioritert rekkjefølgje:

- Utbetring sti og varde Skåla
- Utbetring av punkt på drifteveggar i Stryn
- Kanalisering av ferdsel forbi sårbare morenar
- Kanalisering av ferdsel kring Tungestølen
- Vedlikehald av stien til Flatbrehytta
- Tilrettelegging av sti til Andersbenken i Bøyadalen
- Rydding av kratt for å synleggjere geologiske verneverdiar ved Briksdalsbreen
- Reparasjon av skader på steintrapp Lundeskaret
- Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Restaurering av stien til Flatsteinbu
- Restaurering av Keisar Wilhelms sti, den gamle ridevegen i Briksdalen
- Reparasjon av erosjonsutsett punkt Oldeskaret
- Kloppegging av våte parti i Bergsetdalen
- Vedlikehald av viktige bruer og stiar
- Skilting i Olden og Briksdalen
- Fjerne øydelagde nasjonalparkskilt og restar etter desse.
- Utviding av utkikkspunkt ved Kjenndalsbreen

I saka om årsplan og drift for 2021, er det gjort framlegg om å prioritere utarbeiding av skjøtelsplan for dei tre dalføra Erdalen, Bødalen og Sunndalen. Det er og føreslått å få utført sårbarheitsvurderingar for ferdsel i fleire område der det kan vere aktuelt med nye stiar eller større utbetringar av eksisterande stiar. Dette blir altså ikkje rekna som tiltaksmidlar, men planmidlar. Det er og lagt inn midlar til kartlegging av hekkefugl i området Austerdalen – Tungestølen – Langedalen. Skjøtelsplanen er svært viktig for å komme vidare med arbeidet med å auke verneverdiane i kulturlandskapet.

Det er i tiltaksplanen føreslått skilting i Olden og Briksdalen. Dette er lagt inn etter sterk oppmoding frå lokalt næringsliv og er grunngeve i særlege utfordringar for reiselivet Coronasommaren 2020. Utarbeiding av ein skiltplan for Jostedalsbreen NP er og sett opp som eit tiltak. Ein slik plan vil vere viktig for å sikre ei god og samanhengande skilting rundt heile breen.

Behov for ferdselsteljarar skal også meldast inn via bestillingsdialogen til Miljødirektoratet. Ferdselsregistreringar er eit viktig verkemiddel både for å kartlegge bruken og for å sjå på utviklinga over tid. Dette for å kunne vurdere aktuelle tiltak for å styre ferdsla og for å ta vare på sårbare område. I Jostedalsbreen har vi hatt til saman fem ferdselsteljarar i 2020, SNO sin årsrapport vil vise detaljar om desse. Vi planlegg bestilling av sju teljarar i 2021, samt tenester frå SNO for å halde disse under oppsyn. Sekretariatet foreslår at prioriterte stader i 2020 er Bøyabreen, Kattanakken, Austerdalen, Flatsteinbu, Brenndalen og to på Skålastien.



Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021 – sist endra 25.11.2020

Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag (totalt)	Utføring	Samarbeids- aktører	Merknad
<b>Utbetring sti og varde Skåla</b>	Oppmuring av varde i øvre del av Skålastien. Stenge snarvegar for å skåne sårbar vegetasjon.	15 000	Tenstekjøp	SNO	Var på tiltakslista i 2020
<b>Utbetring avpunkt på driftevegar i Stryn</b>	Nokre punkt på dei tilrettelagde driftevegane i Erdalen og Sunndalen i Stryn er utsett for erosjon og må utbetrast med nokre nye stikkrenner for å unngå at grusen på delar av vegen vert vaska vekk.	30 000	Tenstekjøp	Grunneigarar, SNO	Var på tiltakslista i 2020
<b>Kanalisering av ferdsl forbi sårbare morenar</b>	Fleire stader i nasjonalparken er det idag konflikt mellom ferdsel og ivaretaking av viktige kvartærgeologiske verneverdiar, særleg gjeld dette ulike former for moreneryggar, ofte nær dei lett tilgjengelege brearmene våre. For å unngå unødig slitasje på moreneryggane må det gjerast tiltak for å kanalisere folk inn på eit stispor, som i størst mogeleg grad skånar morenelandskapet. Nokre eksempel på dette er stien inn til Haugabreen, Bergsetdalen og Tunsbergdalsbreen.	20 000	SNO, Tenstekjøp	SNO, grunneigarar	Tiltak oppstarta i Austerdalen og ved Bødalsbreen i 2020.



**Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**

<b>Kanalisering av ferdslingskring Tungestølen</b>	Nye Tungestølen turisthytte opna hausten 2019. Det er venta at den særmerkte hytta vil trekkje mange besøkande til Veitastrand og området rundt Tungestølen. For å ta vare på dei mange naturkvalitetane i området må ferdsla kanaliseras og styrast. Primært må stiane inn Austerdalen og Langedalen opprustast. Tiltaket vil verte gjennomført i samarbeid med Luster Turlag og Luster kommune.	60 000	Tenestekjøp	Luster Turlag, Idrettslag, Grendelag, Luster kommune, Grunneigarar	Tiltaket starta i 2020.
<b>Vedlikehald av stien til Flatbrehytta</b>	Deler av den steinsatte stien til Flatbrehytta vart teken av snøras våren 2020. Ny trase på kring 70 meter er gått opp og rydda, men må tilretteleggast med trestokkar. Feste av wire øverst ved skardet. Det må lagast ei ny bru over elva nær Flatbrehytta.	50 000	Tenestekjøp	SNO, Grunneigarar, Bygdelag	
<b>Tilrettelegging av sti til Andersbenken i Bøyadalen</b>	Klopplegging av våte parti på sti frå parkeringsplass i Bøyadalen til Andersbenken, med flott utsikt mot Bøyabreen. Stien vert og utgangspunkt for stien til Kvitevardane. Omlag 150 meter sti må kloppleggast. Stien er eit alternativ til turen inn til Brevatnet ved Bøyabreen. Samarbeid med lokalt IL.	40 000	Tenestekjøp	SNO, Idrettslag, Bygdelag	
<b>Rydding av kratt for å synleggjere geologiske verneverdiar ved Briksdalsbreen</b>	Nokre av morenelandskapet inne i Briksdalen er grodd til med kratt. Dette gjev utfordringar både når det gjeld ivaretaking av verneverdiar, oppleving av verneverdiar og tilkomst for besøkande.	20 000	SNO, Tenestekjøp	SNO, grunneigarar, reiseliv	
<b>Reparasjon av skader på steintrapp Lundeskaret</b>	Nokre steinar nedst i ei av dei restaurerte steintrappene i Lundeskaret må sikrast mot utglidning.	15 000	Tenestekjøp	SNO, Turlag	
<b>Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen nasjonalpark</b>	I fortsetjinga av arbeidet med besøksstrategi er det trong for ein plan for å styre skilting kring breen. Plassering av skilt, innhald på skilt og prioritet bør planleggast i lag med kommunar, lokalt næringsliv og vegvesen.	100 000	Tenestekjøp	Kommunar, Vegvesen, Reiseliv, Grendelag, m.fl.	



**Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**

<b>Restaurering av stien til Flatsteinbu</b>	Den gamle stien til Flatsteinbu treng utbetring på nokre punkt. Bortleing av vatn, stikkrenner og reparasjon av steinstrapper. Plan er utarbeidd.	350 000	Tenestekjøp	SNO, Grendelag, Grunneigarar,	
<b>Restaurering av Keisar Wilhelms sti, den gamle ridevegen i Briksdalen</b>	I eit område med mykje tilrettelegging frå før. Inn mot nasjonalparken. Mest besøkte innfallsporten kring Jostedalsbreen.	700 000	Tenestekjøp	Reiseliv, Grunneigarar, Bygdelag	
<b>Reparasjon av erosjonsutsett punkt Oldeskaret</b>	Eit punkt på den restaurerte stien til Oldeskaret er særleg utsett for erosjon og treng reparasjon. Sårbarheitsvurdering frå NINA peika på dette punktet som sårbart for erosjon. Eit område frå Gløvre og 250 meter oppover bør nokre høge opptrinn og noko vasserosjon utbetrast, eller stien leggjast om. Vert gjennomført i samarbeid med Melkevoll bretun og Oldedalen utviklingslag.	60 000	Tenestekjøp	SNO, Grunneigarar, Bygdelag	Fyrste del av arbeidet på sårbart punkt i nedre del vart starta opp i 2020, men på grunn av lite høveleg stein på staden vart det ikkje fullført. Må fullførast i 2021.
<b>Klopplegging av våte parti i Bergsetdalen</b>	Det vart i 2020 gjennomført restaurering med klopplegging av våte parti i Bergsetdalen, for å skåne vegetasjon og kanalisere folk på eit stispor. Ferdigstilling av tiltaket i 2021. Rydde ny trasè ca 100 meter langt inne i dalen.	30 000	Tenestekjøp	SNO	Mykje vart gjort i 2020, berre innde delen står att.
<b>Vedlikehald av viktige bruer og stiar</b>	Erfaringsmessig skjer det skadar og slitasje på bruer og stiar i nasjonalparken, ofte knytt til flaumar, styrtregn og ras. Klimaendringar har gjort at slike skadar kjem årvisst. Ofte knyter skadane seg til mykje nytta innfallsportar og stiar, som t.d. stiane til Skåla, Oldeskaret, Lundeskaret og Tuftebresteinen, noko som gjer at det ofte hastar med å få gjort utbetringar og reparasjonar. Det er difor trong for midlar til vedlikehald særleg knytt til utføresette øydeleggingar av stiar og bruer.	40 000	SNO, Tenestekjøp	SNO, Grunneigarar	





**Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**

<b>Skilting i Olden og Brikisdalen</b>	Utforming og oppsetting av informasjonsskilt og portalskilt i Brikisdalen. 2-3 informasjons-skilt ved Fjellstova og portalskilt + informasjonsskilt nærare breen.	250 000	Tenestekjøp	Utviklingslag, Reiseliv, Kommune	
<b>Fjerne øydelagde nasjonalparkskilt og restar etter desse.</b>	Det står enno att restar etter øydelagde designskilt for Jostedalsbreen som må gravast opp og takast vekk. M.a. på Veitastrond, Bødalsseter, Bergset og Breheimsenteret.	20 000	Tenestekjøp	SNO	
<b>Utviding av utviklingspunkt ved Kjenndalsbreen</b>	Det har vore stor auke i talet besøkande i Kjenndalen dei siste åra. Den tilrettelagde utsiktsplassen på enden av turvegen er difor blitt for liten. Det er ynskje om å utvide og markere plassen, slik at folk stoppar her og ikkje går vidare innover dalen mot breen. Ideskisser for korleis ein utviding kan bli vart utarbeidd hausten 2020.	150 000	Tenestekjøp	Reiseliv, Kommune, SNO	Ideskisser utarbeidd i samarbeid med kommune og lokalt reiseliv.
<b>Ferdselsteljing langs utvalde stiar</b>	Kartlegge besøket på ulike stiar ved hjelp av ferdselsteljarar. Bøyabreen, Flatsteinsbu, Brenndalen, Austerdalen, Kattanakken. Same stader som i 2020, men utvide til to på Skålastien for å sjå kor langt folk går. Ferdselsteljarar er viktig for å kunne følgje opp besøksstrategien og framtidige forvaltningstiltak på desse fem stiane.	0	SNO	SNO	

1 950 000

Summen av alle tiltaka i planen er kostnadsrekna til kr 1 950 000,-. På bestillingsmøte 2, i mars, må styret gjere ei endeleg prioritering av tiltaka ut i frå den tildelte budsjetramma frå Miljødirektoratet.

I tabellen på neste side er innspel til bestilling av tenester frå Statens naturoppsyn for 2021 sett opp. Styret kan drøfte korleis det er best å prioritere innan dei grønne, blå og gule felta (frå 1 til 4, der 1 er høgst prioritet).



## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Innspill om ønsket SNO ressurs. (Sett inn nye linjer for hvert bestilte oppdrag)								
År:	2021							
Bestiller: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre								
Verneområder	Prioritet (kategori 1, 2, 3, 4 osv)	Verneområde/innsatsområde/lokalitet	Forankring og beskrivelse av oppdraget	Anslått tidsbruk i dagsverk	Metodebeskrivelse evt henvisning	Rapportering (rapportformat, lagringssted for rapp., egenskapsdata ol.). Stand. rap.verktøy som Verneområdelogg, Artsobs, Natstat, anmeldelsesbase og Rovbase skal benyttes.	Rapporteringsfrist	Ansvarlig i SNO-L
<b>Tilsyn/kontroll (lovpålagte oppgaver med presisering)</b>								
		1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Halde oppsyn med verneforskrifta i Jostedalsbreen nasjonalpark.	10,00	Jf verne- forskrifta	Til styret, forvaltar, årsrapport, ev anmeldelsesbase	01.12.2021 Anne Rudsengen
		1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sjå til styrevedtak/løyve i dispensasjons-saker.	10,00	Jf vedtak	Til styret, forvaltar, årsrapport, ev anmeldelsesbase	01.12.2021 Anne Rudsengen
		2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Følgje opp tiltak i hovudsak ved oppstart og slutt	10,00	Jf tildelingsbrev/ tiltaksplan	Fortløpande/ årsrapport	Årsrapport Anne Rudsengen
		2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Ferdselsteljing på same stader som i 2020 + ein til på Skåla og ein i Brenndalen	15	Foto, Eco Counter	Årsrapport	01.12.2021 Anne Rudsengen
<b>Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)</b>								
		1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sti: kanaliseringstiltak for å skåne sårbare morenar m.a. i Haugadalen, Bergsetdalen og Tunsbergdalen	10	Oppsetting av stengsel, tydeleggjing av trasé og revevegetering	Verneområdelogg	01.10.2021 Anne Rudsengen
		2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Skilt: byte ut gamle grenseskilt, vedlikehalde el fjerne nasjonalparksilt, oppsyn med brefareskilt og kjettingar	6	Jf. Verneforskrifta	Verneområdelogg	01.10.2021 Anne Rudsengen
		1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sti: Tilsyn av stien til Lundeskaret, Skåla, Oldeskaret, til Flatbrehytta samt bufersvegane i Sunndalen og Erdalen.	5	Jf. planar og rapportar	Verneområdelogg	01.11.2021 Anne Rudsengen
		1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sti: koordinere klopplegging og rydding av ny trasé i Bergsetdalen, mot Flatbrehytta og Andersbenken i Bøyadalen.	4	Forvaltningsplan	Verneområdelogg	01.09.2021 Anne Rudsengen
		2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sti: rydde stitrasé inn mot Fåbergstølsbreen	4	Forvaltningsplan	Verneområdelogg	01.10.2021 Anne Rudsengen
		1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Framande artar: fjerning av gjenvekst av gran Fosdalen og Sunndalen, oppfølging av tidlegare granuttak	4	Forvaltningsplan	Verneområdelogg	01.11.2021 Anne Rudsengen
		2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sti: Følge opp arbeid på T-merka stiar mot Midtnovi og Snaudalen-Supphelledalen	4	Forvaltningsplan	Verneområdelogg	01.09.2021 Anne Rudsengen
<b>Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)</b>								
		2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Registrere rødlisteartar, både plante- og dyreliv, viss ein kjem over dei. Gjere konkrete leit etter mnemosynesommarfugl som har vore registrert i Langedalen på Veitastrand	6	Forvaltningsplan	Verneområdelogg, artsobservasjonar	Fortløpande Anne Rudsengen
		1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Oppfølging av bevaringsmål sårbar vegetasjon Kattanakkstien, Langedalen, Austerdalen,	6	Etablering av transekt for registrering av endringar over tid		
		2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Registrere bygningar i nasjonalparken	4	Oppmåling, fotografering, kartfesting og innlegging i verneområde		
		1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Oppfølging av bevaringsmål framande artar. Gran i Sunndalen og Fosdalen.	4	Etablering av transekt for registrering av endringar over tid		
<b>Informasjon</b>								
			Jostedalsbreen nasjonalpark	Være tilstades med erfaring og kompetanse på styremøte/kompetanseprogram/synfaringer	6			Anne Rudsengen
			Jostedalsbreen nasjonalpark	Formidle vernereglar og lokalkunnskap til besøkande		Når SNO uansett er i felt på andre oppdrag		Anne Rudsengen
			Jostedalsbreen nasjonalpark	Bistå forvaltarane med informasjon om nasjonalparken				